

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gulen

Emne: Død og begravelse

Bygdelag: Dalsbygda

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Dale

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 51 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrivt etter Hans I. Dale, gardbr. h. v. fødd 1881

SVAR

1. Ymse dødsvarsel er kjende, såleis kattugleskrik nær husa og tjuv i lyset. Hørde ein gauken gala fleire gonger same dagen - i nord, så var det og dødsvarsel. Føreferd vart derimot ikkje rekna som noko dødsvarsel.
2. Dei trudde (eller sa) at gjekk nokon om døra når ein klipte ned ein vev, så var han feig.
3. Forteljaren kjende ikkje slike, anna enn tjuv i lyset.
4. Ja, men forteljaren kunne ikkje seia kva dei opplevde.
5. Forteljaren har høyrte om slikt.
6. Når nokon er uvanleg arbeidssam, eller uvanleg lystig, seier ein ofte at han "rasar i feugden" eller at han "går i feigden".
7. Ukjent.
8. Ukjent.
9. Ukjent.
10. Ja.
11. Forteljaren sa at det gjekk for seg nett slik det er fortalt i Lølands forteljing om ho "Bestemor". Sjå Rolfsens lesebok.
12. Ein sende stundom bod etter ei eller onnor gamal kone som skulle vera til stades - til hjelp og råd. Nære slektningar vart ofte bodsende.
13. Ofte gjorde dei det, men slett ikkje alltid.
14. Ein sa oftast: døydde frå oss.
15. Forteljaren kjende berre til at ein kunne bruka ein spegel.
16. Uttrykket er kjent, men forteljaren kjende ikkje til slike tilfelle.
17. Når ein var død passa dei alltid på å lata att augo på den døde, og ofte la dei då eit pengestykke oppå.

18. Ein la jamt ei salmebok under hoka på liket.
19. Nei, det var ingen sers regel om det, men oftast så spurdest slikt snøgt.
20. Ikkje nokon sers, omfram dei andre. Ein varsla vel fyrst den ein fyrst råka.
21. Ingen regel om det, men det vart nok gjort.
22. Ein let opp glasnet, og hengde kvite klede framfor vindaugo. Klokka vart ikkje stogga, og forteljaren kjende heller ikkje til at ein flytte ting.
23. Før i tida gjekk det oftast eit par dagar før dei vart lagde i kista. Kista laut nemleg arbeidast fyrst. No får ein kistene frå byen, og då kan det verta gjort snøggare.
24. Liket vart lagt på benker.
25. Nei, det vart lagt på benkene, innsveipt i kler.
26. Det tyder berre at ein ligg som lik. Men det kan kanskje ha samanheng med halmen i senga.
27. Ja, så snart liket er flytt or senga.
28. Ikkje til vanleg. Men var sjukdomen smittsam vart - og vert - det oftast gjort.
29. Sjå sp. 26.
30. Dagen etter, - før det vart lagt i kista.
31. Oftast serlege - sterke - karar eller kvinner.
32. Nei.
33. Ja.
34. Ja.
35. Ja.
36. Ja.
37. Nei.
38. Ein sa: å sveipa liket.
39. Likkleda vert kalla liksvøyp.
40. Liksvøypet var 3,5 - 4 meter langt, og liket vart sveipt inn i det. Den lengda som var til overs vart bretta opp over føtene.
41. Ukjent.
42. Ukjent.
43. Nei, dei bruka jamt ei serleg likskjorte. Før hadde sume ei slik liggjande ferdig, men ikkje no lenger.
44. Oftast.
45. Nei.

46. Nei.
47. Ja, dei hadde eit kvitt plagg over andletet og hovudet, og sume kvinner hadde og ei lita hue.
48. Forteljaren kjende ikkje til nokon skilnad.
49. Forteljaren kjende ikkje til noko slikt.
50. Uvisst, men slett ikkje urimeleg.
51. Her tok ein til å kjøpa likkler for omlag 30 år sidan.
52. No vert alt kjøt ferdig frå eit gravferdsbyrå. For ei tid sidan var likkleda oftast av papir (krigsåra) No er dei helst av ty.
53. Ja.
54. Forteljaren meinte han hadde høyrte om noko slikt, men kjende ikkje noko til det.
55. Folk har vori redde å røra ved lik, for det meste.
56. Ukjent.
57. Ukjent.
58. Ja, før var det vanleg, i minsto at eldre folk hadde likkista ståande ferdig.
59. Nei, det kan ikkje forteljaren minnst frå si tid, men i gamal tid var det visst slik.
60. Ja, det var taustropper i kista.
61. Oftast bygdesnikkaren, men hendige folk gjorde det ofte sjølv.
62. Kista var svartmåla, og til det bruka dei kjønroyk.
63. Det er fyrst dei siste 20-30 åra at det har vorti vanleg med kvitmåla kister.
64. Ukjent.
65. Oftast høvelspon.
66. Hovudputa var også fylt med høvelspon.
67. No vert kistene kjøpt ferdige. Dei er kvite, og oftast er det ein forgylt kross på dei, og ymis annan pynt, slikt som pyntelister, englebilette o. a.
68. Forteljaren kjende ikkje til at den døde fekk med seg anna i kista enn salmebok, og kanskje saks.
69. Ukjent.
70. Nei, ikkje før i tida. No er kistene oftast pynta med ymse ting. Sjå. sp. 67. Halmkrossar og slikt er ukjent.
71. Ukjent.
72. Ukjent.

73. Forteljaren kjende ikkje til noko anna enn at liket skulle berast ut med føtene føre.
74. Så langt attende som forteljaren kunne minnast har det vori vanleg å samla dei næraste til ei lita andaktsstund når liket vart lagt i kista. Det vart berre kalla å leggja liket i kista.
75. Etterpå var det matskikk (bordsete) med vyltrebrød, franskbrød og kaffi. Men fest med dans er ukjent.
76. Ksita kunne stå på låven, på køyrebana eller i kjellaren. Stundom og i ei stove, om det fanst nokor slik som ikkje var i bruk.
77. Stod kista i eit rom i huset var speglar og vindu tildekte med kvite laken, og det var strødd einer på golvet og i gangen. No er det sjeldan å sjå det er strødd einer, men elles er skikken som før.
78. Stod kista på låven, vart det gjerne pynta med nokre grønne busker om sumaren. Vinterstida var det visst ikkje pynta på annan måte enn at det var rydda og reingjort.
79. Ukjent. Barskog finst her mest ikkje.
80. Sjå sp. 79.
81. Nei.
82. Ja.
83. Loket vart lagt på.
84. Eit kvitt plagg, noko større enn ein vanleg lommeduk.
85. Ukjent.
86. Ja, både born og voksne kom ofte for å sjå liket, men det var ikkje alle som ynskte å sjå det.
87. Nei.
88. Fell bort.
89. Ja.
90. Ein skulle ikkje spinna og veva.
91. Ja, syrgjetid er kjet nok, men det var ingen viss tidbolk, og det var ikkje alle som bar noko ytre merke på sorg.
92. Ein burde ikkje gå på fest og dans i den tida, men elles kjende ikkje forteljaren til noko sers ein burde gjera.
93. Det var vanleg at folk var mørkkledde i gravferda, helst svartkledde, men det var ingen fast regel. Det var vel dei fleste som bruka dei venlege bestekleda sine, men dei næraste, serleg kvinnene, sytte oftast for å få seg svarte klez til gravferda.

94. Enkja var svrtkledd, men hadde elles ikkje nokor serskild syrgjedrakt.
95. Ukjent.
96. Nei, det er heilt ukjent her.
97. Nei, ikkje noko sers. Ein trøysta dei oftast med å peika på det dei hadde att.
98. Likferda skulle aldri vera på ein sundag, elles ikkje nokon viss dag. No er det svært ofte ein laurdag. Men det er vanleg skikk at liket legg ei veke før det vert gravlagt.
99. Ein seier: joreferd.
100. Dette vart gjort i huset der liket stod, eller ute på tunet, dersom det var godt ver.
101. Loket vart oftast teki av likkista føreåt, så dei som ynskte det av gjestene kunne få sjå liket.
102. Nei, slikt kjende forteljaren ikkje til.
103. Det var alltid kveikte ljøs ved kista, i fall ein heldt til inne og song liket ut. Ljosa stod ikkje på kista, men helst på eit lite bord ved sida av kista.
104. Det vart alltid bruka tre ljøs.
105. Ein sløkte ljosa og gøynde dei.
106. Forteljaren veit ikkje av at det har vori bore ljøs framfor kista.
107. Sjå ovanfor.
108. Ikkje noko sers. Dei vart visst berre gøynde til neste gong ein hadde bruk for ljøs. Dei vart ikkje tekne med til kyrkja.
109. Nei.
110. Likvaking kjenner ein ikkje til her anna enn den fyrste natta nokon var død. Då brann det vel ljøs.
111. Ukjent.
112. Nokre gamle koner var jamnast med i dei fleste likferder, men det var ingen visse, og namnet gråtekoner er ukjent i den tyding.
113. Nei, dei song dei slik det var vanleg å syngja andre salmar, kanskje litt langsamare.
114. Ja, det er vanleg no.
115. Det vart skikk her for omlag 20 år sidan, då presten Øystein Hovden tok til med det.
116. Det var oftast læraren, men skikkane var nett dei same som sidan.
117. Nei, slikt er ukjent her.

- 118. Ukjent.
- 119. Oftast nærskylde og grannar, men ingen viss regel.
- 120. Nei, tvert imot.
- 121. Skikken er den same.
- 122. Ein skulle bera liket ut med føtene fyrst.
- 123. Nei.
- 124. Nei. Slikt er heilt ukjent.
- 125. Ja, det har vori vanleg skikk heilt til det siste.
- 126. Ja.
- 127. Nei.
- 128. Dei kvinnene som laut vera att heime og stella hus og mat fylgde jammast eit stykke på vegen, og snudde så heim att.
- 129. Heile gravølsfylgjet skulle helst fylgja til kyrkjegarden, men i uver hende det nok at ein del gav seg att heime(gamle sjuklege og born).
- 130. Kvinner har jant fylgt med til kyrkjegarden så langt som nokon minnest.
- 131. Ja, det har jant vori ære med ei stor jorefærd.
- 132. Ja, tønnet var jant bærstrødd. (strødd med einer)
- 133. Gardane langs vegen bruka før å strø einer på vegen der gardsvegen møtte hovudvegen, men no er det mykje slutt med det. Ein strødde berre eit belte på ein eller to meters breidd tvers over vegen.
- 134. Ja, det er vanleg no. Det kom i bruk for omlag 30 år sidan.
- 135. Helst alle dei som har flagg, i grenda og på stadb der kyrkjegarden er.
- 136. Ja.
- 137. Her i bygda kan ein ikkje høyra kyrkjeklokkene. Flagget gjekk til topps når gravølsfylgjet kom att frå kyrkjegarden.
- 138. Det er same skikken no og.
- 139. Fylgjet stogga ikkje, men det var vanleg før at dei song eit salmevers eller to ved kvar gard dei for forbi. No ser det ut til at denne skikken er i ferd med å kverva.
- 140. Inga sers mottakeing. Dei vert berre ynskte velkomne att, og bedne om å koma inn og til bords.
- 141. Nei.
- 142. Ukjent her.

60881

143. Her i bygda kjenner ein ikkje slike, men andre stader der det var veglaust og langt å bera, finst slike.
144. Ukjent.
145. Ikkje noko sers. Likkista stod på langvogan, eller om vinteren på ein slæde.
146. Nei, det var hesten som hørde til på garden som skulle draga kista. Eller ein annan trygg hest, t. d. grannen sin.
147. Ukjent.
148. Ja, ein kørde smått og roleg.
149. På heimvegen kørde ein i vanleg fart, men nokor kappkøyring vart det ikkje, ikkje ein slik dag.
150. Ein av gardsfolka, oftast sonen eller mannen. Stundom og ein dreng.
151. Ja.
152. Nei, han gjekk framanfor likfylgjet.
153. Likkistene vart borne. Forteljaren kjende ikkje til at kløvjing eller "lingser" har vori nytta her til slikt.
154. Nei.
155. Forteljaren kjenner ikkje til slike truer her.
156. Næraste skyldfolka og grannane tok seg av det. Kista vart sett på bakken, utan noko underlag, anna enn eit par bord som var lagt fram.
157. Litt tauverk, spader og plankar vart gøymde i ein liten kjellar under kyrkja.
158. Det var visst kyrkja som åtte dei.
159. Slekt og grannar.
160. Nei.
161. Ja, her møter presten opp på Kyrkjekaia, dei kallar, ei lita kai omlag 50 meter frå kyrkjegarden, og går så føre likfylgjet inn i kyrkja, og sidan ut på kyrkjegarden.
162. Nei, kista vart bori inn i kyrkja. Det har vosi skikk dei siste 25-30 åra, men ikkje før. Då vart ho boren rett til grava.
163. Ja, sjå ovanfor.
164. Ja.
165. Nei.
166. Nei.

6633

167. Ved hovudkyrkja vart det tilsett gravar for omlag 50 år sidan. Ved annekskyrkja noko seinare. 8
168. Nei, han vert ikkje kalla anna enn gravaren.
169. Slektningane gjorde det, helst i førevegen.
170. Nei.
171. Nei.
172. At den døde skulle kvila fast i jorda.
173. Ja, - oftast ein flat pinne med førebokstavane til den døde skorne inn.
174. Det vart lite og inkje gjort med gravene i eldre tid. Berre nokre få, helst embetsfolk, stelte noko med gravene.
175. No er det nokså vanleg å pynta gravene med kransar og blomar juledag, og så fli og pynta dei om våren.
176. Ja. Forteljaren kjende ikkje til at det vart nokon skilnad.
177. Kista vart boren gjennom kyrkjegardsporten, nett som alle andre.
179. Ingen sers stad. Vart lagt etter rekkje og nummer, nett som alle andre.
178. Nei.
180. Dei vart gravlagde nett på same vis som andre born.
181. Foreldra grov dei ned på kyrkjegarden, men utan noko sers tilstelling.
182. Det vert oftast kalla joreferd.
183. Den eldste mannen i huset, i fall han var før til det.
184. Før var bealaget nett det same, no vert skikken ofte broten, med di ein ber fleire enn dei som høyrer til.
185. Helst skulle han vera svartkledd, men i alle fall skulle han vera staskledd og ha høgtid med seg.
186. Han skulle føre seg alvorsam og syrgjande.
187. Nei, det var inga fast beabøn, det forteljaren kjenner til. Kvar bruka sine eigne ordelag.
188. Ja.
189. Nei, ikkje til bygdefolk.
190. Det varde ein dag. Tilreisande kunne vera lenger, Dei kom ofte før, og stogga lenger.
191. Fire måltid.
192. Nei.
193. Ukjent.
194. Ja.

195. Nei.
196. Gjestene hadde sending med seg. Denne sendinga vart kalla fone.
197. Sjå ovanfor.
198. Nei.
199. Nei.
200. Nei.
201. Nei, ingen minnest at skikkane har vori onnorleis enn no.
202. Dei kjøpte øl. Brennevin vart ikkje bruka i joreferder.
203. Nei. Det var slutt lenge før å bryggja til gravøl enn til andre høgtider.
204. Det er slutt å senda foner no. Ein sender berre kransar.
205. Det er omlag 50 år sidan det vart skikk.
206. I den fyrste tida vart kransane laga heime, helst av mjølbær-ris, som er grønt heile året.
207. Det er så ymse med det. Oftast byråa som lagar alle kransar no, utan nokor serskild rettleiing frå dei som tingar dei. Slike kransar tok ein til med for omlag 20 år sidan.
208. Ja, oftast vert nokså mange kransar lagt ned i grava.
209. Kransane vert liggajnde på grava.
210. Ved joreferder no får gjesten fyrst frukost. Så er det middag når dei kjem att frå kyrkjegarden, og til slutt kaffi eller kveldsmat, eller bae deler. Det er litt ymist. Alkohol vert lite og inkje bruka. Summe gjev eit glas øl til middagen, men dei fleste ikkje.
211. Nei. Her er ikkje slike stader.
212. Dei siste 20 åra.